







Saman om Ørstabarnehagen 2017 - 2019





Lokal rammeplan for Ørstabarnehagen





Innleiing

” Lov om barnehager § 2:
Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Kva betyr ein lokal rammeplan for Ørstabarnehagen?

Lokal rammeplan skal vere felles og forpliktande for alle barnehagane i Ørsta kommune

Lokal rammeplan skal vise kjenneteikn ved Ørstabarnehagen

Born i Ørsta skal ha eit godt barnehagetilbod uavhengig av om dei går i kommunal eller privat barnehage

Ørstabarnehagen skal stå for kvalitet. Dette betyr mellom anna at tilsette skal vere godt kjent med innhaldet i lov og rammeplan

Lokal rammeplan og handlingsplan for Ørstabarnehagen skal vere styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving


Den lokale rammeplanen skal vere grunnlag for å utvikle barnehagane sine rutiner og metoder. Dette skal sikre og vidareutvikle kvaliteten i den einskilde barnehage

Lokal rammeplan skal utdjupe nokre område i den sentrale rammeplanen. Desse områda ser vi på som særleg viktige for Ørstabarnehagen sin identitet.

Barnehagane i Ørsta er organisert i eigen seksjon, med seksjonsleiar for sju kommunale og fire private barnehagar. Barnehagane samarbeider i nettverk og seksjonsleiar og styrarar møtest jamt til styramøte.

Ørsta har god tilgang på fagfolk og vi har arbeidd mykje med kompetanseheving åleine og i samarbeid med nettverket på Søre Sunnmøre og Høgskulen i Volda. Vi har likevel sakna den systematiske kompetansehevinga og utviklinga av barnehagane som vi meiner er viktig for at barnehagen skal vere det vi ynskjer for barn, føresette og tilsette.

For å arbeide meir målretta og heilskapleg starta vi hausten 2016 eit samarbeid med firmaet Ringer i vann. Gjennom utviklingsarbeidet **Saman om Ørstabarnehagen – verdibasert leing**, skal vi få fram det særigne med Ørstabarnehagen. I tråd med dette har vi laga ein lokal rammeplan.



Lokal rammeplan for barnehagane i Ørsta tek utgangspunkt i Lov om barnehagar, forskrifter og dokument vedtekte av Ørsta kommune



Kva betyr lokal rammeplan for Ørstabarnhagen?

- Planen skal vere **felles og forpliktande** for alle barnehagane i kommunen.
- Den skal **vise kjenneteikn** ved Ørstabarnhagen
- Ørstabarnhagen skal **stå for kvalitet**
- Planen skal **vere styrande** for utviklingsarbeid og kompetanseheving

- Den **skal utdjupe nokre område** i den sentrale rammeplanen – område som vi meiner er særlig viktige for Ørstabarnhagen sin identitet.



Formål



Barnehagens formål og innhald § 1:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek og fremme læring og dannelse som grunnlag for allsidig utvikling.

For Ørstabarnehagen betyr dette:

Alle skal bli møtt og behandla på ein god og respektfull måte

Vi arbeider ut frå tanken om at borna skal vere i sentrum, og at born er verdifulle, kompetente og sosiale

Alle born skal oppleve å få uttrykke tankar og kjensler, og få høve til å gjere egne val

Borna skal dagleg oppleve glede ved å meistre og få positiv tilbakemelding

Borna skal oppleve eit inkluderande miljø med venskap, omsorg, lek og læring

Borna skal oppleve eit utfordrande miljø prega av allsidig natur og kultur

Kvar barnehage skal utarbeide verdiplattform som skal innehalde til dømes pedagogisk grunnsyn, barnesyn, syn på kollega og foreldresamarbeid.

Verdiane for Ørsta kommune er viktige grunnsteinar for vidare arbeid i den einiskilde barnehage.

“Utfordringane våre er å gjera verdiane våre til etablerte haldningar. Kjemnen i alt me gjer handlar om å utvikle og bruke kompetansepotensialet vårt på best mulig måte.”

Linda Lai, 2013.



Tillit
Gjennom gjensidig respekt, forståing og likeverd



Energi
Gjennom entusiasme, inkludering, humor og glede



Løsningsvilje
Gjennom lagånd, tydelege mål og meningsfylte oppgåver



Utvikling
Gjennom medverknad, tilbakemelding og verdsetjing av kunnskap

For å sikre dette må dei tilsette vere kompetente vaksne som er i stadig utvikling og endring. Tilsette sitt arbeid skal vere prega av ei anerkjennande haldning. Dei skal ha kunnskap om born si utvikling og vere undrande og rause vaksne som tek born på alvor.



Språk, kultur og natur



Lov om barnehagar § 1 Formål:
Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

For Ørstabarnhagen betyr dette:

Ørstabarnhagen skal bygge på lokal kultur, natur og språk.

Borna skal i størst mogleg utstrekning oppleve nynorsk og dialekt i leik, song, opplesing og i den daglege kommunikasjonen. Alle born skal bli lest for kvar dag

Borna skal få kunnskap om Ivar Aasen og få opplevingar knytt til Aasentunet

Borna skal få oppleve leik og læring i all slags vør, og i tett kontakt med naturen. Alle born skal få leike ute kvar dag

Borna skal oppleve progresjon som er aldersadekvat og som utfordrar det einstkilde barnet motorisk og kognitivt.

Alle born skal ut på tur minst ein gong kvar veke

Alle born skal dagleg få oppleve glede ved musikk og song

Alle tilsette skal gi rom for den gode samtalen og for borna sine eigne refleksjonar.

Område vi har valt å utdjupe meir

er :


Språk, kultur og natur

Leik og læring

Barnehagen som lærande organisasjon

Ørsta kommune er ei nynorskkommune,
og **er** Ivar Aasen sin heimstad.

Born i Ørstabarnhagen **SKAL** oppleve
og erfare dette gjennom mellom anna å
bli lest for kvar dag, og
høyre nynorsk og dialekt



Vi veit at språk er viktig og det å høyre både nynorsk og dialekt meiner vi er viktig. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Det å medvite bruke både dialekt og nynorsk er difor noko vi forpliktar alle barnehagane



- Borna skal få oppleve leik og læring i all slags vêr, og i tett kontakt med naturen. Alle born skal få **leike ute** kvar dag
- Borna skal oppleve progresjon som er aldersadekvat og som utfordra det einskilde barnet motorisk og kognitivt
- Alle born skal **ut på tur minst ein gong kvar veke**
- Alle born **skal daglig** få oppleve glede ved musikk og song

- Alle tilsette skal gi rom for den gode samtalen og for borna sine eigne refleksjonar.

Leik og læring



Lov om barnehagar § 1:

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap.

For Ørstabarnehagen betyr dette:

Borna sine interesser og den lokale kulturen, naturen og nærmiljøet skal takast inn i leiken. Dette skal skape eit leikemiljø som tydeleggjer den faglege profilen til den einskilde barnehagen

Barnehagane i kommunen skal ta vare på og utvikle sine særpreg

Det skal vere aktive vaksne som tek del i borna sin leik, inne og ute. Alle born skal oppleve ein inkluderande barnehage fri for mobbing. Vaksne skal vere **tett på** heile dagen

Barnehagane skal vere ei motvekt til at barn blir passive brukarar av digitale verktøy. Borna skal få vere kreative og aktive, og skape gjennom digitale verktøy

Barnehagane skal legge til rette for borna sin medverknad mellom anna gjennom intervju med alle femåringane i kommunen.



Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. (Rammeplanen)



Barnehagens digitale praksis

Frå sentral rammeplan:

Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til lek, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barn sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.

Frå lokal rammeplan for Ørstabarnhagen:

Barnehagane skal vere ei motvekt til at borna blir passive brukarar av digitale verktøy. Borna skal få vere kreative og aktive, og skape gjennom digitale verktøy.

Barnehagen som lærande organisasjon

” Lov om barnehagar § 2:
Barnehagen skal vere ein pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

For Ørstabarnehagen betyr dette:

Å vere ein lærande organisasjon som brukar ulik dokumentasjon og fakta kopla opp mot måloppnåing. Ut frå dette skal barnehagen vurdere utviklinga si og kva som er klokt å gjere vidare

Å sjå planlegging, dokumentasjon og vurdering i samanheng

Kvar barnehage skal utvikle sin profil

Kvar barnehage må gjennom aktiv rettleiing og deltaking sette ord på taus kunnskap og taus kompetanse slik at alle tisetse vert medvitne vaksne i møte med born og føresette

Å ta i bruk nye verkty gjennom utviklingsarbeidet
“Saman om Ørstabarnehagen – verdibasert leiing”

Å tilby eit læringsmiljø som støttar og utfordrar born si nysgjerrigheit og lærelyst

Felles studiedagar og nettverksamlingar

Styremøte og leiarsamlingar

Rettleiing av nyutdanna.




Kompetanse er dei samla kunnskapane, ferdigheitene, evnene og haldningane som gjer det mogleg å utføre aktuelle oppgåver i tråd med definerte krav og mål. (Linda Lai 2013 – frå Strategisk plan for kompetanse og rekruttering, Ørsta kommune).

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Måle med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. (Rammeplanen)



Som leiar i Ørstabarnehagen skal eg kjenneteiknast ved at eg:

- Er positiv og støttande og bidreg til at alle har eit godt arbeidsmiljø
- Forpliktar meg til å vere ein pådrivar og følgje dei verdiane som Ørstabarnehagen står for
- Gir klare og konstruktive tilbakemeldingar og ros til mine medarbeidarar
- Skal vere modig og gjere vedtak som kanskje ikkje er så populære, men til det beste for det pedagogiske arbeidet, for arbeidsplassen og for å skape eit godt arbeidsmiljø
- Er løysingsorientert, ser muligheiter og har ei positiv innstilling til endringar
- Har kunnskap om og brukar vedtekne styringsverktøy i arbeidet mitt
- Er lojal mot vedtak som blir fatta på alle nivå
- Held meg faglig oppdatert og brukar kunnskapen min både i møte med barn og føresette, og i rettleiing av tilsette





Årsplanen skal mellom anna innehalde følgjande:

- Presentasjon av barnehagen: profil og verdiplattform
- Pedagogisk innhald, progresjon og arbeidsmåtar
- Born sin medverknad
- Samarbeid med heimen
- Vurdering av det pedagogiske arbeidet
- Tilvenning av nye born og overgangar mellom avdelingar/grupper
- Korleis ein sikrar samarbeid og samanheng med skulen
- Tilrettelegging av tilbodet for barn som treng ekstra støtte
- Fagområda
- Markering av lokal kultur og tradisjon

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunnvingane til barnehagen. (Rammeplanen)

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg til det rammeplanen seier ein årsplan skal vere, seier vi den skal presentere barnehagen sin profil og verdiplattform, seie noko om tilvenning og overgangar og sikre samarbeid og samanheng med skulen.

Dette er arbeid vi skal jobbe mykje med i tida som kjem!



Sluttord:

Barnehagane i Ørsta skal i tråd med sentral rammeplan og lokal rammeplan vere lærande organisasjonar som anerkjenner og vernar om barndommens eigenverdi.

Vi skal gjennom samarbeidet med firmaet Ringer i vann v/ Grete Helle og Tom Rune Fløgstad utvikle eigne profilar for dei elleve barnehagane, samtidig som vi skal ha felles plattform som arbeidet skal forankrast i.

Lokal rammeplan er ei slik plattform, og det er styringsgruppa som har utarbeida planen.

I styringsgruppa sit:

Ellinor Sætre, styrar i Dalane barnehage

Linda Engjåberg, styrar i Krokedalen barnehage

Irene Yksøey Lianes, pedagogisk leiar/koordinator for utviklingsarbeidet Saman om Ørstabarnehagen

Hild Våge, hovudtillitsvald Fagforbundet Ørsta

Orlaug Bjørdal Kårstad, hovudtillitsvald Utdanningsforbundet Ørsta

Reidun Mo, seksjonsleiar barnehage, Ørsta kommune

Lokal rammeplan for Ørstabarnehagen er gjeldande frå 1.08.2017.





Takk for meg !

